

Fascinerande vitnesbyrd frå ein av dei fyrste norske urningane

Jordäen, Runar, red. 2022. *«De har brutt isen her i Norden». Ebbe Hertzberg: Brev til Poul Andræ 1892—1912.* Oslo: Nasjonalbiblioteket. (93 sider)

EMBETSMANNEN EBBE HERTZBERG (1847–1912) var ein sentral figur i det svensk-norske samfunnet på slutten av 1800-talet. Hertzberg var utdanna jurist og rettshistorikar, fungerte ei tid som ambassadeattaché i Paris, og arbeidde frå 1877 som professor i statistikk ved Det kongelige Frederiks Universitet i Kristiania (dagens Oslo). Som lærd samfunnsstøtte og forsvarar av den rådande ordninga – han var imot innføringa av parlamentarismen i 1884 – hadde Hertzberg eit solid omdømme i dåtidas Noreg. Dess større må skandalen ha vore då han i 1885 vart utsett for utpressing av ein sjømann som påstod at dei hadde hatt seksuelle relasjonar.

For å freiste å koma unna straff oppsøkte Hertzberg dokterane Karl Malmsten i Sverige og Carl Westphal i Berlin. Sistnemnde dokumenterte at Hertzberg leid av «conträre Sexualempfindung» («kontrær seksualkjensle»), det patologiske omgrepet for homoseksuell orientering. Med denne «sjukmeldinga» i hende håpa Hertzberg å kunna halde på stillinga som professor, men i 1886 vart han tvinga til å søkje avskil. Etter nokre år som forskar på stipend fekk han høve til å ta på seg nye samfunnsverv, og i 1906 vart han utnemnd til riksarkivar.

Eit unikt innblikk i denne særeigne lagnaden har vi no fått med utg-

jevninga av 13 av breva frå Hertzberg til danske Poul Andræ – også han jurist, historikar og «likekjønna orientert». Som redaktør Runar Jordåen, forskar ved Skeivt arkiv i Bergen, forklårar i den informative innleiinga til boka, er få av breva frå Andræ bevarte, og ingen av dei omhandlar homoseksualitet. Det gjer derimot dei overleverte breva frå Hertzberg, som dimed gjev uvurderleg dokumentasjon av korleis homofile med høg sosiokulturell kapital og akademisk bakgrunn kunne forhandle kritisk med den eksisterande sexologiske litteraturen. Det er ukjent korleis Hertzberg og Andræ kom i kontakt med kvarandre, men sikkert er det at dei var del av eit større, europeisk nettverk av menn som utveksla kunnskap om dei nye identitetskategoriane som no var tilgjengelege, og om korleis ein kunne arbeide for aksept og toleranse.

Jordåen kontekstualiserer breva på oversiktleg og pedagogisk vis ved å leggje vekt på vitskapens rolle i utviklinga av den homoseksuelle sjølvforståinga. Livsløpet til Hertzberg tydeleggjer at det å definere homoseksualitet som «medfødd» ikkje var nok til å skapa sosial aksept for fenomenet. Kanskje nettopp difor søkte Hertzberg og hans samtidige til andre kategoriar. Særleg sterkt står uttrykket «urning». Omgrepet stammar frå Platons *Symposion*, der Pausanias argumenterer for at det finst to versjonar av Eros: Den eine er knytt til det jordiske og representerer menns dragnad til kvinner og unggutar; den andre stammar frå Himmelen (Uranos), rettar seg mot det åndeleg opphøgde, og står bak menns erotiske tiltrekking overfor unge menn. «Urning» er avleidd av «Uranos», og omgrepet vart veletablert i tyskspråkleg homoaktivisme på det seine 1800-talet. At Hertzberg bruker dette, illustrerer tilknyttinga mellom han og samtidige akademiske og litterære forsvararar av (mannleg) homoseksualitet. Til dømes tok også den seinare nobelprisvinnaren André Gide utgangspunkt i den antikke pederastitradisjonen i verket *Corydon* (første del publisert 1911). Brevsamlinga viser fram møtet mellom ulike diskursar – medisinske, juridiske og litterære – og illustrerer såleis korleis homoseksualitetsomgrepet er ein ustabil, historisk konstruksjon. Samstundes er språkbruken interessant fordi han viser at Hertzberg og hans likesinna greip til både moderne vitskap og den antikke litterære arven for å setja ord på kven dei var.

I denne samanhengen bør det òg understrekast at dette kunne resultere i at praksisar vi i dag vil skilja frå kvarandre som homofili og pedofili, vart lagde under same omgrepet. I nyttårsbrevet sitt til Andræ frå 1898 skryt Hertzberg av at han har hatt ein «petit matelot» som «nu begynder at faa dun under næsen» som nyttårsgjest. Utover forsvar for sex med mindreårige kjem også andre augebrunshavande haldningar fram: Hertzberg fortel at han skal få besøk av «en ægte Tyrk», og i det fyrste brevet i samlinga fortel han om korleis han ein gong slo til ei prostituert kvinne på gata i Paris. Han kjenner nemleg avsky ved tanken på at «[k]vindens hellighed og renhed» blir krenkt.

Desse haldningane til sex med mindreårige, til etnisk «framande» og til kvinner er ubehageleg lesing. Samtidig er det prisverdig at Jordæen ved å syne fram, og kommentere, også desse elementa i brevmaterialet, viser at eldre tiders homoaktivistar er born av si tid og komplekse individ. Ein ytterlegare verdi ved denne typen dokumentasjon er at han set vår eiga tid i relieff: Kan det finnast resonnement og haldningar i dagens skeive rørsle som vil sjå like uappetittlege ut for framtidige generasjonar? Boka kom ut i det som i Noreg vart kalla *Skeivot kulturår* – i 2022 markerte vi at det er femti år sidan lovforbodet mot sex mellom menn vart oppheva. Eit historisk medvit om kompleksiteten og brytingane i skeiv aktivisme er etter mitt syn vel så verdifullt som helteforteljingar.

Det finst rik dokumentasjon på utviklinga av diskursar om seksualitet i Europa og vesten, og redaktør Jordæen har tidlegare gjort ein stor innsats for å framstille utviklinga av homoseksualitetskategorien i norsk jus og psykiatri. Men fram til no har vi ikkje hatt dokumentasjon på korleis desse nye seksualitetskategoriane verka inn på livsløpet til enkeltpersonar i Noreg. Vi får innblikk i eit miljø der ein søkte nye identitetskategoriar, orienterte seg i den psykiatriske forskingsfronten, prøvde å koma i kontakt med likesinna over landegrensene, drøymde seg vekk til den erotiske fridomen i sicilianske feriebyar – og måtte oppleva at andre «urningar» tok livet sitt i desperasjon. I eit brev av 9. mars 1902 fortel Hertzberg om eit «urningsselv-mord»; truleg dreiar det seg om den forgjelda, 39 år gamle juristen Christian Gjessing. Etter å ha brote forlovinga med ei kvinne vart Gjessing utsett for ei ryktespreiing som

førte til at han miste jobben og til slutt tok sitt eige liv. Det gjer inntrykk å lesa om slike lagnader, omtala med ein eigen kategori, 120 år seinare.

Boka er utstyrt med eit grundig noteapparat og referansar for vidare lesing. Ho er ei rik kjelde for forskarar i seksualitetens kulturhistorie, men kan med stort utbyte lesast av alle som er interesserte skeiv historie.

**PER ESSEN SVELSTAD,
NORWEGIAN UNIVERSITY OF SCIENCE AND TECHNOLOGY**